


Bokanmeldelser

Marit Ihle

Edvard Befring



Katrin Koch og Espen Walstad **Samvær mellom barn og foreldre som ikke bor sammen** Gyldendal Norsk Forlag, 2005. Kr. 325. 192 sider. ISBN 82 - 05 - 32618 - 5

Mange saker som havner i Fag-etisk råd, handler om sakkyndige uttalelser om barnelovssaker og barnevernssaker, noen ganger med god grunn. Psykologforeningen har tatt tak i problemet og har laget et utdanningsforløp som forhåpentlig øker fagligheten i sakkyndighetsfeltet. Boka til Katrin Koch og Espen Walstad drar i samme retning.

Boka har imidlertid en større målgruppe enn sakkyndige psykologer. Alle som arbeider med barn og deres familier, vil finne boka oversiktlig og verdifull. Foreldre som er i ferd med å gå fra hverandre og søker informasjon og råd om samvær, vil også kunne ha god nytte av den.

Boka tar for seg samvær både i barnelovs- og barnevernssaker. Det er belysende eksempler fra begge lovfeltene i de fleste kapitlene.

Forfatterne går systematisk igjennom en rekke begreper som anvendes i feltet og gir sine egne og for det meste avklarende definisjoner av begrepene. De går igjennom begreper som samværskompetanse (hos foreldrene) og samværskapitet (hos barnet) og «barnets beste». Den eneste definisjonen jeg stusset ved, var den av «samvær»: «Stabil og utviklingsstøttende personlig kontakt mellom barnet og den av foreldrene barnet ikke bor fast sammen med.» Jeg har sett en del eksempler på samvær som verken er stabilt eller utviklingsstøttende, men samvær er det, om ikke i ideell forstand.

Jeg satte særlig pris på kapittel 5 og 6 om vurderingen av barnets kapasitet og behov for samvær, og foreldrenes samværskompetanse. Forfatterne ser barnas behov i lys av tilknytningsteori og moderne utviklingspsykologi, og forklarer hvordan små barns behov for forutsigbarhet og muligheter for å mestre foreldres fravær skiller seg fra større barns.

Andre vurderingstemaer, som barnets egen mening, samarbeid og konflikt og praktiske forutsetninger, har også sin plass i boka. Innledningsvis nevnes forskjellige typer hjelp som er tilgjengelig. Det synes jeg blir vel kort, og jeg savner mer om obligatorisk mekling og den alternative sakkyndighetsrollen som er i ferd med å vokse fram, der den sakkyndige bistår med direkte hjelp til konflikthåndtering.

Kapittel 9 dreier seg om særlige forhold. Her kan vi lese om samværsproblemer der foreldre ruser seg, har psykiske lidelser, er voldelige eller driver med seksuelle overgrep, eller er psykisk utviklingshemmet. Vi kan også lese om barn med spesielle behov. Når det gjelder barn utsatt for seksuelle og fysiske overgrep, synes jeg det blir magert med to sider til hvert tema i boka. Det er litt trist at forfatterne henviser til Sosialdepartementets gamle veileder om seksuelle overgrep fra 1992 når det er gitt ut en ny i 2003. Forholdene rundt seksuelle og fysiske overgrep er alvorlige og forvirrende, og det er lett å gjøre feilvurderinger, for eksempel av observasjoner av samvær mellom foreldre og barn. Barnet og en overgriper kan se ut til å ha en god relasjon, mens barnet lever ut sin frustrasjon hos den andre. Det kunne vært berikende om det var lagt inn anbefalinger om utfyllende litteratur både på dette området og de andre områdene i samme kapittel.

Mye av det som er skrevet, er godt kjent for psykologer. En som leser boka tvers igjennom, vil se at det er mange gjentakelser, som at barn har behov for trygghet og forutsigbarhet. Det må likevel være slik, da mange vil slå opp i boka for å finne det som er relevant i deres tilfelle. Bokas styrke er systematikken, oversikten og den teoretiske forankringen. Den er skrevet av forfattere med lang og bred erfaring på området som boka dekker. Jeg mener at boka er et helt nødvendig grunnlag for dem som arbeider med sakkyndighetssaker.



Hilchen Sommerschild og Einar Moe **Da barnepsykiatrien kom til Norge. Beretninger ved noen som var med** Oslo: Universitetsforlaget, 2005. Pris kr 329. 379 sider. ISBN 82 - 15 - 00619 - 1

To av dei som stod sentralt då psykiatrisk og psykologisk tenking om barns utvikling og hjelpebehov fekk gjennomslag her i landet, har nettopp presentert ei bok om framveksten av eit av 1900-talets mest framgangsrike fagområde. Boka har undertittelen «Beretninger ved noen som var med», og den fortel i første rekke om den organisatoriske utbygginga av psykisk helsevern for barn og ungdom i tida 1945 til 1980. Innleiingsvis gir forfattarane eit glimt av anstalten «Toftes Gave», den epokeskapande vergerådlova (1896) og den tragiske utviklinga til skoleheimane i første halvdel av 1900- talet. Deretter får vi ei skisse av idéane til psykiatriens og barnepsykologiens grunnleggjarar.

Eit interessant trekk som kjem fram, er at det på eit tidleg stadium var mogleg å kvalifisere seg til å arbeide som terapeut med barn («barneanalyse») utan utdanning som lege eller psykolog. Dette gjorde det til dømes mogleg for Anna Freud (yngste dotter til Sigmund) å få innpass i faglege sirklar, og dermed få basis for sine seinare store bidrag på barnepsykologiens område. Det same gjeld ein nyskapar i barne- og ungdomspsykologien som Erik H. Erikson, som opphavelig var målarkunstnar, men som gjennom «barneanalysen» kunne finne veg inn i dette arbeidsfeltet utan ei formell akademisk utdanning. I etterkant kan ein seie at dette var vel og bra. Men det fortel og noko om posisjonen til barna.

Hovudvekta er lagt på det som skjedde på det organisatoriske planet, med utbygging av forskjellige klinikkar og institutt for å ivareta barn og ungdoms hjelpebehov. Det boka kallar «faglige fyrtårn», handlar mellom anna om framveksten av Statens senter for barne- og ungdomspsykiatri frå 1961 med overlege Per Nyhus i spissen. Dette kapitlet, som er ført i pennen av overlege Finn Magnussen, er både opplysende og sjølvransakande, ikkje minst ved å få fram den prøving og feiling som måtte prege barnepsykiatriens møte med vanskeligstilt ungdom.

Etter kvart blir dette til ei bok om det som skjedde på fylkesplan, og her blir det gitt eit imponerende bilete av kva som var mogleg å få til i ulike delar av landet i ei optimistisk etterkrigstid. Forfattarane allierte seg med mange bidragsytarar, og det er både ein styrke og ein veikskap: Ein styrke ved at det langt på veg blir ei oppslagsbok på feltet. Ein veikskap ved at det blir i meste laget av orienterende artiklar av vekslende kvalitet.

Dette er ei bok som kan lesast på mange måtar. Det er mogleg å ta for seg enkelte kapittel og til dømes lese kva som skjedde i samisk psykiatri (kapittel 48) eller kva som hende i Bergen (kapittel 22 og 23). Boka kan og lesast som eit bidrag innan innovasjon der vi ser korleis eit nytt fagfelt prøver å bane seg veg mellom eksisterande profesjonar. Her er det interessant å følgje utviklinga av Nic Waals institutt og mellom anna av landets første barnevernsklinikk i Tønsberg. Framstillinga viser kor vesentleg det er å ha enkeltpersonar med visjonar og pågangsmot for å kunne få til noko nytt. Her er det og snakk om barrierar i form av motvilje, skepsis og motstand, ikkje minst i det eksisterande faglege etablissementet. I dette tilfellet er hindringsfaktorane for ein stor del å finne i den somatiske medisinen. Boka viser og kor viktig det er å ha støtte i toppen av maktpyramiden når noko nytt skal introduserast. I denne samanhengen var truleg helsedirektør Karl Evang ein heilt avgjerande autortet. Utan hans standhaftige støtte ville historia sett annleis ut.

Dette er ikkje ei bok som set noko kritisk lys på det fagområdet den skildrar. Det hadde vore på sin plass å reflektere over det oppsiktsvekkande i at eit fag på utprøvningsstadiet kunne få så omfattande praktiske følgjer. Her var det ikkje berre snakk om utbygging av klinikkar for psykiatriske og psykologiske hjelpetiltak, men også om psykologien som eit viktig grunnlag for andre profesjonar, ikkje minst for spesialpedagogikken som fag- og forskingsfelt. Men dessutan hadde psykologien og ein legitimerande funksjon, ja, den var nærmast garantisk for store skole- og barnevernspolitiske vedtak i

1950–60-åra. Når det var mogleg å vinne oppslutning om ei forlenging av ein felles skole frå sju til ni år, vel vitande om alle dei lærings- og trivelsesproblema ein hadde i den sjuårige skolen, var det med bakgrunn i argumentet om «nye psykologiske metodar» og «psykologisk basert rådgivning» nå var til rådvelde.

Det som er ein styrke ved dette verket, er at det gir oversikt over idear, metoder og hjelpemiddel på dette nye fagområdet, og boka gir eit imponerande bilete av den raske organisatoriske framveksten av eit felt som mange i dag tar for gitt og som altfor mange er avhengige av.